

FISKERIRETTELEIAREN

I SUNNHORDLAND
5430 BREMNES



ÅRSMELDING

for

**1
9
8
6**

3039 / 1153

ÅRSMELDING FOR 1986 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondansen
- 1.7. Fiskerinemnda
- 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemd

3. Fiskeflåten

- 3.2. Merkerregisteret
- 3.3. Konesjoner

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Oppfiska kvantum/verde

6. Låne- og andre finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond
- 6.3. Olje/fisk - fondet

7. Tiltak/tiltaksplaner

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta
- 8.2. Fiskerinæringa.

9. Tilleggsmelding frå Havbrukskonsulenten

- 9.1. Fiskeoppdrett
- 9.2. Tiltaksarbeid

TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLO KOMMUNE: Areal: 231 km²
Innbyggjarar: 9533 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Bremnes.

ETNE KOMMUNE: Areal: 708 km²
Innbyggjarar: 4078 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Etne.

FITJAR KOMMUNE: Areal: 155 km²
Innbyggjarar: 3023 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Fitjar.

KVINNHERAD KOMMUNE: Areal: 1136 km²
Innbyggjarar: 13138 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Rosendal.


STORD KOMMUNE: Areal 140 km²
Innbyggjarar: 14069 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Leirvik.

SVEIO KOMMUNE: Areal 264 km²
Innbyggjarar: 4568 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Sveio.

ØLEN KOMMUNE: Areal: 184 km²
Innbyggjarar: 3083 pr. 31.12.86.
Kommunesenter: Ølen.

KART OVER SUNNHORDLAND.

(Kontorkommunen skravert.)



1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone I i Hordaland er kommunane: Bømlo, Etne, Fitjar, Stord, Sveio og Ølen. I tillegg til desse kommunane kom Kvinnherad med som ei prøveordning i 1982. Ordninga gjeld framleis i 1986.

Fiskerirettleiarkontoret er i 2.etasje i Bremnes Elektro A/S sitt bygg på Sortland.

Kontorlokala er fine og tidhøvelege. Kontoret er godt utstyrt med kontorinventar og maskinar, så ein kan seia, arbeidstilhøva er gode.

1.2. Personalet.

Den fast tilsette fiskerirettleiaren i sona har styrd kontoret heile dette året. Ellers har kontoret som tidlegare kontorassistent i fast stilling.

Til kontoret vart frå 01.04.86 knytt interkommunal tilsett havbrukskonsulent som dekkar dette feltet i dei same kommunane som er dekt av rettleiardistriktet. Havbrukskonsulenten arbeider ut eiga årsmelding som vert å finna som vedlegg til denne årsmeldinga.

1.3. Korrespondansen.

Inngående brevjournal:	1985	834 reg.	1986	834 reg.
Utgående	"	1985 1.120 "	1986	725 "

I desse tala er ikkje medteke brev skrevne for fiskarar. Likeeins er ikkje medrekna skjema for opptak i fiskarmanntalet, skademeldingsskjema eller kostnadsreducerende driftstilskot. Ein skal og merkja seg at utgåande korrespondanse frå havbrukskonsulenten vert ført i eigen journal av han.

1.7. Fiskerinemnder.

Ved kommunevalet i 1983 vart det frå statleg hald gitt uttrykk for at så mange nemnder som praktisk mogeleg vert samanslegne i små fiskerikommunar.

I Sunnhordland førde dette til at det vart felles nemnd for kommunane Stord og Fitjar og for Ølen og Etne.

Distriktet har difor nå 5 fiskerinemnder som er samansette som fylgjer:

1.7.a. Fiskerinemnda i Bømlo (kontorkommune).

1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes, formann.
Varamedlem: Martin Ellingsen, 5427 Urangsvåg.
2. Gunnar Strand, 5443 Bømlo, varaformann.
Varamedlem: Einar Kallevåg, 5443 Bømlo.
3. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.
Varamedlem: Kåre Hilt, 5440 Mosterhamn.
4. Olav Svendsen, 5430 Bremnes.
Varamedlem: Harald Nøstbakken, 5440 Mosterhamn.
5. Kristbjørg Kvamme, 5443 Bømlo.
Varamedlem: Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.

1.7. b.og c. Fiskerinemnda i Fitjar/Stord.

1. Hjalmar Harkestad, 5420 Rubbestadneset, formann.
Varamedlem: Oskar Sørvik jr., 5423 Brandasund.
2. Alf Martin Waage, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Arvid Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.
3. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar.
Varamedlem: Arve Møgster, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Anna B.H.Tislevold, 5419 Fitjar.
5. Nils O.Føyen, 5410 Sagvåg, varaformann.
Varamedlem: Isak Grov, 5400 Stord.
6. Einar Valland, Eldøy, 5400 Stord.
Varamedlem: Oskar Vikanes, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemnda i Sveio.

1. Håkon Krunenes, 5534 Valevåg, formann.
Varamedlem: Knut Framnes, 5530 Førde i Hordaland.
2. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, varaformann.
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.
Varamedlem: Egil N.Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Reidar Andersen, 5520 Sveio.
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.
5. Terje Furevik, 5536 Tittelsnes.
Varamedlem: Thomas Lier, 5534 Valevåg.

1.7.e.og f. Fiskerinemnda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, formann.
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Hallstein Brekke, 5582 Ølensvåg.
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
3. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.
Varamedlem: Bernhard Vaka, 5584 Bjoa.
4. Asgaut Ness, 5593 Skånevik, varaformann.
Varamedlem: Henrik Børretzen, 5590 Etne.
5. Johannes N.Markhus, 5596 Markhus.
Varamedlem: Johan Birkenes, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemnda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, formann.
Varamedlem: Kåre Isdal, 5464 Uskedalen.
2. Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster, varaformann.
Varamedlem: Anton Sjursen, 5450 Sunde.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.
Varamedlem: Johannes Øye, 5470 Rosendal.
4. Arne Legland, 5463 Uskedalen.
Varamedlem: Magne Tofte, 5454 Sæbøvik.
5. Johannes Fagerlid, 5470 Rosendal.
Varamedlem: Rune Bjørgen, 5457 Høylandsbygd.

1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene.

Ved gjennomgong av møtebøkene for dei ymse fiskerinemndene finn ein at ein i året har hatt fylgjande tal møter, saksmengder og møtetid:

Fiskerinemnd:	Tal møter	Tal saker handsama	Samla møtetid.
1.8.a. Bømlo	5	41	21 timar.
1.8.b. Fitjar/Stord	4	22	10 "
1.8.c. Sveio	2	12	4,5 "
1.8.d. Etne/Ølen	4	11	7 "
1.8.e. Kvinnherad	4	25	9,5 "
Total	19	111	52. timar.

1.9. Fiskerinemndssaker.

I meldingsåret vart det tilsaman i distriktet til fiskerirettleiaren i Sunnhordland halde 19 møter og handsama 111 saker. Samla møtetid var 52 timar.

Som tidlegare år er ein god del saker også dette året vorte handsama administrativt av fiskerirettleiarkontoret i samråd med formannen/ varaformannen og/eller andre medlemmer i fiskerinemndene.

Av dei viktigaste sakene som har vore handsama i dei fem fiskerinemndene kan nemnast:

- Kondemneringssøknader
- Fiskarmanntalssaker
- Garantikassesaker
- Praktiske fiskeforsøk i 1986
- Fiskarbanklån - søknader
- Konesjonssøknader oppdrett/settefiskanlegg/skjellanlegg
- Vurdering vedr.bru over Stokksund
- Uttale i samband med konsesjon om graving av skjellsand
- Uttale om arealdisponeringar i strandsona
- Vurderingar av lokalitetar for oppdrett.

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa.

2.1. Fiskarmanntalet.

Tabellane nedafor syner tal fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntalsliste fiskarane står på. Liste B syner kor mange som har fiske som hovedyrke og liste A syner kor mange som har fiske som attåtning.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	2	2	3	9	40	56	112	64,91
	Blad B	32	64	62	57	23	15	1	254	36,25
	Totalt	32	66	64	60	32	55	57	366	45,02
1986	Blad A	0	2	0	5	9	38	51	105	67,28
	Blad B	42	61	67	55	22	12	1	260	35,17
	Totalt	42	63	67	60	31	50	52	365	44,41

I tabellen for fiskarmanntalet for Bømlo kommune er det frå 1985 - 1986 lite endring og tabellen syner nokså stabile tal. Fiskarane på A lista er for det meste eldre folk og flest i aldersgruppa over 70 år. Gjennomsnittsalderen syner ein viss nedgang for B lista medan den for A lista syner ein monaleg auke.

Tabell 2.1.b. Fitjar kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	0	2	0	1	9	13	25	67,40
	Blad B	2	10	9	8	7	2	0	38	38,81
	Totalt	2	10	11	8	8	11	13	63	50,15
1986	Blad A	0	0	2	2	2	10	14	30	66,60
	Blad B	2	10	7	9	5	1	0	34	36,97
	Totalt	2	10	9	11	7	11	14	64	50,85

Fitjar kommune er framleis den tredje største fiskerikommune i rett-leiardistriktet. Av totalt 64 fiskarar er 24 busett i Brandasundet. 24 har adresse Fitjar. 11 bur på Aga og Agasøster med Rubbestadneset som si adresse. 5 er frå Dåfjorområdet. Som tabellen viser har det vore ein oppgang på ein i talet på fiskarar frå 1985 - 1986. Gjennomsnittsalderen har gått litt ned både for liste A og B.

Tabell 2.1.c. Stord kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	0	0	0	0	0	2	2	73,00
	Blad B	0	2	1	2	5	0	0	10	45,00
	Totalt	0	2	1	2	5	0	2	12	49,66
1986	Blad A	0	0	0	0	0	0	1	1	77,00
	Blad B	1	2	2	2	3	2	0	12	42,75
	Totalt	1	2	2	2	3	2	1	13	45,38

I Stord kommune var det i 1986 lite endring i fiskarmanntalet. Gjennomsnittsalderen gjekk for blad A monaleg opp, medan der var ein nedgang i gjennomsnittsalderen på blad B.

Tabell 2.1.d. Sveio kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	0	1	2	3	8	12	26	65,76
	Blad B	0	2	1	1	2	2	0	8	45,00
	Totalt	0	2	2	3	5	10	12	34	60,88
1986	Blad A	1	0	0	5	3	5	10	24	63,29
	Blad B	0	1	0	3	2	2	0	8	48,75
	Totalt	1	1	0	8	5	7	10	32	59,65

Tabellen for Sveio kommune syner at det er få fiskarar på B lista og at talet på bae listene var stabilt. Når det gjeld gjennomsnittsalderen på B lista så har denn gått opp att siste året.

Tabell 2.1.e. Etne kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	0	1	1	0	6	1	9	60,50
	Blad B	0	0	0	1	1	0	0	2	50,00
	Totalt	0	0	1	2	1	6	1	11	59,50
1986	Blad A	0	0	0	1	1	3	3	8	63,12
	Blad B	0	0	0	1	1	0	0	2	50,00
	Totalt	0	0	0	2	2	3	3	10	60,50

Etne er den minste fiskerikommune i rettleiardistriktet med totalt 10 manntalsførte fiskarar. På B lista berre 2 for 1986, det same som året før. Gjennomsnittsalderen er høg, særleg på blad B.

Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	0	0	0	0	1	1	2	4	67,40
	Blad B	0	3	0	0	2	3	0	8	47,50
	Totalt	0	3	0	0	3	4	2	12	49,20
1986	Blad A	0	0	0	0	1	0	2	3	69,66
	Blad B	0	2	0	0	3	2	0	7	49,20
	Totalt	0	2	0	0	4	2	2	10	55,30

Ølen er og mellom dei "små" når det gjeld manntalsførte fiskarar, og talet har gått ned også siste året. Som tabellen ovafor viser så er gjennomsnittsalderen høg, særleg på liste - B.

Tabell 2.1.g Kvinnherad kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1985	Blad A	1	0	0	2	4	15	20	42	66,70
	Blad B	7	15	10	7	5	2	0	46	34,10
	Totalt	8	15	10	9	9	17	20	88	49,60
1986	Blad A	0	0	0	2	2	11	23	38	70,23
	Blad B	9	14	14	5	5	2	0	49	32,04
	Totalt	9	14	14	7	7	13	23	87	48,72

Kvinnherad kommune er den nest største fiskerikommune i Sunnhordland, og endringane i talet fiskarar frå førre året er små. Det er fleire aktive fiskarar i dei yngre aldersgrupper på B - lista og ein finn på denne lista den lågaste gjennomsnittsalder av alle kommunane i distriktet.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

Sysselsettinga i foredlingsleddet har ikkje endra seg vesentleg siste året. I Bømlo kommune har ein 3 fiskemottak med tilsaman ca. 10 - 12 tilsette. I Fitjar eit mottak med ein tilsett. I dei andre kommunane i Sunnhordland har ein ikkje fast fiskemottak.

Norway Foods Ltd. A/S sine hermetikkfabrikkar på Sunde og i Skånevik har hatt mykje same drifta som i 1985. Tilsaman sysselsette dei 2 fabrikkane 140-150 personar, for det meste kvinner.

Brødrene Hjønnvåg i Uskedalen driv fiskematproduksjon med 8 - 9 tilsette.

På Koløyholmen har Ole Havn sitt anlegg for mottak av krabbe for pakking i skjell vore i gong og har i sesongen august - november teke mot krabbe for produksjon. I denne tida har ein i produksjonen sysselsett 16 - 17 kvinner.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Havbrukskonsulenten for Sunnhordland har skrive eiga årsmelding for 1986., og ein syner til vedlagde kopi av denne.

2.4. Avleia verksemd.

Det er i distriktet fleire verksemdar som har tilknytning til fisket. Ein skal her få nemna nokon av dei:

Bømlo kommune:

Wårtsilä Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.
 Rubb Industri A/S, 5420 Rubbestadneset
 Servogear A/S., 5420 Rubbestadneset,
 Matre & Co., 5420 Rubbestadneset,
 Innvær Plast, 5420 Rubbestadneset,
 Båtutrustning A/S, 5420 Rubbestadneset,
 Rolfsnes Båtbyggeri, 5420 Rubbestadneset,
 Halderaker & Sønner, Mælandsvågen, 5430 Bremnes,
 Ådnes Skipsbyggeri, 5430 Bremnes,
 Moster Industriservice A/S., 5440 Mosterhamn,
 Rolf Larsen, 5427 Urangsvåg,
 Bremnes Elektro, 5430 Bremnes,
 Elektro Installasjon A/S., 5430 Bremnes,
 Johs. Mæle Mek.Verksted, 5444 Espevær,
 Bømmeløy mek.Verksted, 5443 Bømlo,
 Knut Kvernenes Mek.Verksted, 5444 Espevær,
 Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo,
 Grindheimsvåg Slipp & Mek.Verksted, 5440 Mosterhamn,
 Amundsen's dykkerservice, 5420 Rubbestadneset.

Fitjar kommune:

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S., 5419 Fitjar,
 Fitjar Mek.Verksted A/S., 5419 Fitjar,
 Vik & Sandvik, 5419 Fitjar,
 Knut Rydland, 5419 Fitjar,
 M.Dahl-Helland, 5419 Fitjar,
 Ole Havn Koløyholmen, 5419 Fitjar,
 Andersen & Sønner, Dåfjord, 5419 Fitjar,
 Johnsen Plastindustr, 5423 Brandasund,
 Johnsen Slipp, 5423 Brandasund

Stord kommune.

Seglneset A/S., mek.verksted, båtutrustning, 5410 Sagvåg,
Risnes & Sønner A/S., 5410 Sagvåg,
Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord,
Sunnhordland Elektro A/S., 5400 Stord,
Oma Båtbyggeri, 5400 Stord,
Leirvik Sveis A/S., 5400 Stord.

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S Mek., 5457 Høylandsbygd,
Eidsvik Skipsbyggeri A/S., 5463 Uskedalen,
Th. Hellesøy Skipsbyggeri, 5474 Løfallstrand,
Skålurens Skipsbyggeri, 5470 Rosendal.

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik,
Skånevik Mek. Verksted, 5593 Skånevik.

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mek.Verksted, 5526 Auklandshamn.

Ølen kommune:

Ølens Skipsindustri A/S, 5582 Ølensvåg.

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkeregisterdata 1986.

Kommune: Kvinnherad

Lengde i m	Tal farty				Byggjeår								Etter 1980	Ikkj opp- gitt
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79			
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0	
5,0- 9,9	66	6	6	66	1	2	4	10	13	7	8	11	10	
10,0-14,9	14	1	0	13	1	0	0	4	0	1	2	5	0	
15,0-19,9	3	1	1	3	0	2	0	1	0	0	0	0	0	
20,0-29,9	4	0	0	4	1	1	0	2	0	0	0	0	0	
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Totalt	88	8	7	87	3	5	4	17	13	8	11	16	10	

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkeregisterdata 198 6.

Kommune: BØMLO

Lengde i m	Tal farty				Byggjeår								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikkje opp- gitt
0,0- 4,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
5,0- 9,9	173	5	5	173	2	6	8	26	39	24	26	37	5
10,0-14,9	40	5	5	40	2	2	1	8	3	3	4	15	2
15,0-19,9	11	2	1	10	1	1	1	2	2	0	2	1	0
20,0-29,9	8	1	0	7	0	0	0	2	2	0	3	0	0
Over 30,0	8	0	2	10	0	0	1	2	2	1	3	1	0
Totalt	240	13	13	240	5	9	11	40	48	28	38	54	7

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkerregisterdata 198 6.

Kommune: Etne.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk. opp- git.
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0
5,0- 9,9	25	0	0	25	0	2	4	4	2	3	3	0	7
10,0-14,9	4	0	0	4	0	0	0	1	1	1	0	1	0
15,0-19,9	1	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	31	0	0	31	1	2	4	5	3	4	4	1	7

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkerregisterdata 198 6.

Kommune: FITJAR.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikkje opp- gitt.
0,0- 4,9	2	0	0	2	0	0	0	0	0	1	0	1	0
5,0- 9,9	46	1	2	47	0	0	0	3	9	10	12	11	2
10,0-14,9	11	1	0	10	0	1	0	2	1	0	2	4	0
15,0-19,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	60	3	2	59	0	1	0	5	10	11	14	16	2

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkerregisterdata 1986.

Kommune: Stord.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								Etter 1980	Ikkj opp- gitt
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79			
0,0- 4,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
5,0- 9,9	8	3	1	6	0	0	0	2	2	0	2	0	0	0
0,0-14,9	2	1	0	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0
5,0-19,9	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
0,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	11	5	1	7	0	0	0	3	2	0	2	0	0	0

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkerregisterdata 1986..

Kommune: Sveio.

Lengde i m	Tal farty				Byggjeår								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1986	Ikkj opp- gitt
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	1
5,0- 9,9	60	6	2	56	0	1	5	18	11	2	7	8	4
10,0-14,9	5	1	0	4	1	0	2	0	0	0	0	1	0
15,0-19,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	1	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	67	7	2	62	2	1	7	18	11	2	7	9	5

3.Kapitel 3. Fiskeflåten.

Tabell 3.1. - Merkerregisterdata 198 6.

Kommune: Ølen.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter	Ikkj opp- gitt
0,0- 4,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
5,0- 9,9	18	0	0	18	0	0	3	7	1	3	2	0	2
10,0-14,9	5	0	0	5	1	0	0	2	2	0	0	0	0
15,0-19,9	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	24	0	0	24	1	0	3	9	3	3	2	0	3

3.3. Konesesjonar.

Antal konesesjonar i Sunnhordland pr. 31.12.86.

Kommune	Industri/ loddetrål	Ringnot	Brislingnot/ Landnot	Seinot	Drivgarnsfiske etter laks.
Bømlo	15	3	13	1	11
Fitjar	0	0	6	0	6
Stord	0	0	0	0	0
Ølen	0	0	7	0	0
Etne	0	0	8	0	0
Kvinnherad	0	0	31	0	0
Sveio	0	0	7	0	0
Tilsaman	15	3	72	1	17

Når det gjeld brislingkonesesjonar er det nokså truleg at ein del ikkje er i drift, helst landnotkonesesjonar. Av industritrålkonesesjonar er det ein del som ikkje har loddetrålkonesesjon. I 1986 vart 2 industritrålarar selde ut av distriktet, medan 2 nye kom til. I Bømlo er det 3 stk. kolmulekonesesjonar tilknytte ringnotbåtar.

4. Foredlingsleddet.

4.1. Oppfiska kvantum/verde.

Som tidlegare år er mesteparten av fisken levert av fiskerane i Sunnhordland levert utafor fiskerane sin heimkommune.

I tabell I finn ein kvantum og verde for leveransar til dei største salslaga.

Fiskarar frå Bømlo har levert eindel kystfangstar til mottak i Espevær, Melingsvåg, Øklandsvåg og Brandasund. Desse leveransane er tekne med under statistikken for S/L Hordafisk.

Tabell I er dette året ikkje så noggrann som tidlegare år. Dette kjem av at det har vore vanskeleg å få inn tal frå dei einskilde salslag generelt og nærast umogeleg for S/L Hordafisk grunna konkursen i dette laget. Den store verdeauken for dette laget når det gjeld fiskarar frå Bømlo kjem av dei relativt store fangstane av konsumfisk frå nordsjøtrålerane til Øklandsvåg og Porsvika. På den andre sida dreg det sær elendige palefisket siste år talet ned. Dette kjem klårast fram når ein ser på verdet av fangst av båtar frå Fitjar,

Stoppen i fisket etter lodde gir sterkt utslag når det gjeld kvantum/verde levert til Feitsildfiskernes Salslag, medan større leveransar til Norges Sildesalslag, Norges Makrellag, Sunnmøre og Romsdal Fiske-salslag og Sogn og Fjordane Fiskesalslag er med på å retta biletet totalt sett oppatt, særleg når det gjeld Bømlo.

Av grunnar som nemnt ovafor har ein i år ikkje summert ned mengde av levert fangst då dette ville byggja for mykje på berekna tal.

6. Låne- og andre finansskjelder.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabell 2 syner ei oversikt over lånesøknader/tilsagn om lån for dei 7 kommunane i 1986.

6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Det var i meldingsåret ingen søknader til Distriktenes Utb.fond som gjekk gjennom rettleiarkontoret.

6.3. Olje/fisk - fondet.

Olje/fisk fondet vart avvikla i 1985.

Ordninga med erstatning for øydelagde fiskereidskapar p.gr. av olje- verksemda har halde fram og ein del industritrålarar har fått erstatningar under denne ordninga.

7. Tiltak/tiltaksplanar.

Rettleiarkontoret har i meldingsåret freista arbeida aktivt med saker som gjeld tiltaksarbeid i regionen, og ein kan i stikkordsform nemna:

- Etablering av fiskerivikarordning i Bømlo
- Etablering av kommunalt fiskerifond i Bømlo
- Arbeid med søknader om nybyggingsprosjekt i fiskeflåten
- " " utbygging av akvakulturnæringa i regionen.

8. Summering.

8.1. Rettleiingstenesta.

Rettleiingstenesta v/ fiskerinemndene og fiskerirettleiar hadde eit relativt aktivt år i 1986.

Mange saker av ulike slag har vore handsama og oppfylgde, og ein kan i stikkordsform nemna:

- Garantisaker
- Konesjonssøknader av ymse slag, særleg innan havbruk
- Hamnespørsmål
- Brev av ymse slag skrivne for fiskarar
- Merkerregistersaker for Bømlo og Fitjar
- Budsjettmemndsaker.

Svært mykje arbeid er og lagt ned i samband med alle søknadene om stamfiskanlegg og anlegg for oppdrett av marine fiskearter frå distriktet. Ein viser her til eiga melding frå Havbrukskonsulenten for Sunnhordland.

8.2. Fiskerinæringa.

Grunna svake ressursar vart loddefisket svært lite siste året. Eindel av svikten ein hadde i loddefisket vart kompensert ved betre sildekvotar og meir makrell og kolmule, men sett under eit hadde ringnotflåten vanskar med å få balanse i drifta.

Industrietrålflåten hadde etter tilhøva eit nokolunde brukbart år. Ved å ta betre vare på konsumfisken, og til tider å leggja heilt om til konsumfiske har dei fleste kome nokolunde bra ut.

I det reine kystfisket har tilhøva vore særst dårlege. Både brislingfiske og sildefisket gav dårleg resultat. Palefisket var særst dårleg mest heile året og kvantumet i Hordaland vart på berre ca. 2.500 t. mot eit normalår på ca. 5.000 t. Sjå tabell 3.

For dei reine heimefiskerane har der vore lite som kan seiast å betra stoda samanlikna med tidlegare år.

Autolineflåten hadde i 1986 eit godt år, særleg p.gr. av gode prisar spesielt i siste halvår. Diverre er der nå berre eit farty att i dette fisket frå Sunnhordland.

Den nye finansieringsordninga for fiskefarty vart gjennomført i 1986. Ein kan ikkje sjå at det har vorte noko lettare å finansiera nye farty, og alle søknadene om lån til nybygg, bortsett frå eit par sjarkar, har vorte avslegne.

Også dette året har arbeidet med saker som vedkjem havbruk teke mykje av arbeidskapasiteten ved kontoret, men sidan havbrukskonsulenten vart tilsett frå juni 1986 har tilhøva vorte særst mykje betre.

Bremnes, juni 1987.



R. Innvær.

Fiskerirettleiar.

Tabell 1. Mengde og verdi av fangst levert av farty frå Sunnhordland til dei viktigaste salslaga i 1986 samanlikna med 1985. Mengde i tonn, verdi i 1000 kr.

KOMMUNE/SALSLAG	ÅR	BØMLO		FITJAR		KVINNHERAD		STORD	ETNE		ØLEN		SVEIO		TOTAL		
		T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.	T.	Kr.
Feitsildfisk- ernes Salgslag	1985	16.960	11.700	9	21	1122	288	-	-	-	-	-	-	-	17.091	12.009	
	1986	4.989	3.678	-	-	361	928	-	-	-	-	-	-	-	5.350	4.606	
Noregs Silde- salslag	1985	36.635	23.423	394	709	1.812	5.758	-	-	47	169	224	661	4	12	39.116	30.732
	1986	49.228	27.670	229	325	1.478	2.935	-	-	24	93	66	200	-	-	51.025	31.223
Norges Makrel- lag	1985	2.838	4.784	100	299	133	502	-	-	6	17	10	43	32	95	3.119	5.740
	1986	5.233	5.750	35	102	35	170	-	-	-	-	1	1	18	66	5.322	6.089
Hordafisk S/L	1985	2.275	6.031	989	2169	245	438	-	-	-	-	-	-	-	-	3.509	8.638
	1986	?	14.080	?	1546	?	450	?	32	-	-	?	39	?	75	?	16.222
Rogaland Fiske- salgslag	1985	1.269	4.443	65	183	2	6	-	-	4	13	11	39	51	179	1.402	4.863
	1986	?	3.640	?	43	?	95	?	1	?	15	?	57	?	183	?	4.034
Sunnm. og Romsd. Fiskesalslag	1985	1.061	6.651	5	19	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1.066	6.670
	1986	1.300	14.470	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1.300	14.470
Norges Rå- fisklag	1985	460	3.198	-	-	90	563	-	-	-	-	-	-	-	-	550	3.761
	1986	150	1.269	-	-	130	797	-	-	-	-	-	-	-	-	280	2.066
Sogn og Fj. Fiskesalgslag	1985	(Medteke under "Andre mindre salslag")						-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
	1986	909	6.245	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	909	6.245
Andre mindre salslag	1985	296	2.777	16	405	1	4	-	-	-	-	-	-	-	-	313	3.186
	1986	?	930	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	?	930
Total	1985	61.795	63.007	1578	3805	2.405	7.559	-	-	57	199	245	743	87	286	66.166	75.599
	1986	61.809	77.732	264	2016	2.004	5.375	?	33	24	108	67	297	18	324	64.186	85.885

Frå Hordafisk S/L, Rogaland Fiskesalgslag S/L og "Andre mindre salslag" har det diverre ikkje vore mogleg å få kvantumsoppgåve, og kvanta levert til desse laga er derfor ikkje med i den nedtalte totalen. Sjå ellers merknader under punkt 4.1.

Tabell 2. Statens Fiskarbank. Låneverksemnda i Sunnhordland 1986.

Kommune / Type lån / tilskot	BØMLO				FITJAR				KVINNHHERAD			
	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn
Lån til nybygg	5	2	21.015.000,-	455.000,-					0	0	0,-	0,-
" " brukt farty	6	4	12.999.000,-	7.879.000,-					1	1	500.000,-	250.000,-
" " reidskapar	5	3	724.000,-	300.000,-					1	0	50.000,-	0,-
" " utstyr/ombygging/ reparasjon	7	6	7.300.000,-	4.560.000,-	1	1	90.000,-	80.000,-	2	2	375.000,-	240.000,-
Likviditetslån	0	0	0,-	0,-					0	0	0,-	0,-
Tilskot til miljøbetring	3	3	165.000,-	130.000,-					2	2	140.000,-	125.000,-
Tilskot " energiøkonomisering	1	1	35.000,-	35.000,-					0	0	0,-	0,-
" " Kondemnering	5	3	1.253.000,-	798.000,-	1	1	225.000,-	150.000,-	1	1	285.000,-	285.000,-
" " autolinésystemer	1	1	200.000,-	200.000,-					0	0	0,-	0,-
" " kai / molo	0	0	0,-	0,-	1	0	32.000,-	0,-	0	0	0,-	0,-
	33	23	43.691.000,-	14.357.000,-	3	2	347.000,-	230.000,-	7	6	1.350.000,-	900.000,-



Frå kommunane Etne, Ølen og Sveio var der ingen søknader i 1986.

Ein søknad frå Stord i 1985 om kondemnering vart stetta i 1986 med kr. 202.000,-.

Tabell 3. Levande pale fiska i Hordaland i 1986
samanlikna med 1981.

SUNNHORDLAND

Samla fangst 1986: 2.500 t. 1981: 5.360 t.



FISKEOPPDRETT:

Matfiskanlegg:

For 1986 er det ein auke på 3 nye anlegg samanlikna med 1985. I Kvinnherad vart det tildelt 1 ny konsesjon i siste konsesjonsrunde, i Bømlo kommune tildelt 1 konsesjon og i Fitjar kommune kom det til 1 konsesjon som var utvida/flytta frå ferskvatn i Stord til sjø i Fitjar. I tillegg var det nokre andre utvidingar av konsesjonsvolumet. Produksjonen var nær den same, mens det var betre prisar slik at verdien av produksjonen vart høgare. Ein kan venta auka produksjon for 1987 fordi det er utsett nær det doble av smolt for 1986 samanlikna med 1985. Det er og ein auke i investeringane for 1986. Auken i sysselsette var 11 heiltidstilsette hovudsakleg menn. Auken var forholdsvis størst for Fitjar (5 stk.) og Kvinnherad (3 stk.).

Klekkeri-/Setjefiskanlegg:

Året 1986 var det "store setjefiskåret" med 12 nye konsesjonar. Dette forklarar den store auken frå 1985 til 1986. Talet på levedyktig smolt som vert produsert vil først gi seg utslag i 1987/88 og det same gjeld for verdien av produksjonen. I 1986 var det over ein dobling av liter rogn som var klekt. I 1985 vart det produsert vel 3 mill smolt mot vel 5 mill smolt i 1986. Med fortsatt auke tilseier prognosane fare for overproduksjonen med minkande prisar på smolten. Ved sjukdom/uhell, auka tildelingar av konsesjonar, eller utviding av eksisterande matfiskanlegg vil behovet for smolt stiga. Det har vore ein kraftig investeringslyst i anlegg som syner optimisme og tru på smoltproduksjonen framover. Auken i heiltidstilsette var på 26 hovudsakleg mannleg arbeidskraft. Regionen produserar meir smolt enn det vert sett ut i regionen slik at det er netto sal^{ut} av regioen på ca. 4 mill stk.

Slakte-/Pakkeanlegg:

Mengde pakka/slakta laks har tredobla seg frå 1985 til 1986. Denne auken skuldast mindre sal ut av regionen og betre nytta eigen kapasitet på anlegg i regionen. Alle slakte-/pakkeanlegga er lokalisert til Bømlo kommune, men det er under utbygging annlegg i Fitjar og planar om skaldyr/fiskemottaksanlegg i Kvinnherad.



Samla verksemd:

Totalt sett har det vore ein bra auke frå 1985 til 1986. Omsetnaden har auka frå 90 mill til 140 mill kr. Kvantumet av fisk som er teken

opp er nær det same, mens auken i produsert smolt har stige frå 3,1 mill til 5,3 mill stk. UÆsett smolt har hatt ein auke frå 600.000 stk. til 1 mill stk. Det vil gi seg utslag med auka produksjon av matfisk i 87/88. Av tabellen går det fram at Bømlo kommune og Fitjar kommune er størst i produsksjon av matfisk. Kvinnherad og Sveio er kommunane med størst produksjon av setjefisk. Stord og Ølen har liten produksjon. Det er ingen matfiskanlegg medan eit er setjefiskanlegg under oppbygging og det vil gi auka produksjon i 1987.

Skaldyr:

I regionen er det gitt 31 konsesjonar tidsavgrensa på 2 år. På grunn av manglande innsendte materiale er det uråd å gi statistikk over produksjonen. Gjennomgåande er det liten produksjon og sysselsetjinga er på deltid. Det er vanskar med avsetjing for blåskjell/østers p.g.a. ingen mottaksanlegg i Sunnhordland og derfor er oppdrettarane forsiktig med for stor produksjon. På Sydnes i Kvinnherad er det planar om eit skaldyr/fiskemottaksanlegg noko som vil få betydning for målsetjinga med produksjonen vidare. Ein ventar at produksjonen vil auka ved eit slikt mottaksanlegg i Sunnhordland.



Havbrukskonsulenten i Sunnhordland tok til i stillinga i juni 1986. Dette første halvåret har blitt brukt til både å setje seg inn i eit nytt arbeidsområde og utforma ei nyoppretta stilling i samråd med Fiskerisjefen i Hordaland og Fiskerirettleiaren i Sunnhordland. Nedanfor føgjer ein del av arbeidsoppgåvene Havbrukskonsulenten har vore engasjert i:

Tiltaksarbeid/Prosjekt:

Etter samarbeid mellom Fiskerisjefen i Hordaland, dagleg leiar for Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Havbrukskonsulenten i Sunnhordland vart det av Havbrukskonsulenten presentert ei ide-skisse til eit regionalt samarbeid om marin yngelproduksjon i Sunnhordland. Dette vart behandla/teke opp i september og november for styret i Samarbeidsrådet. Kommunane slutta seg til forslaget og det vart arbeidd vidare med prosjektet. Dette arbeidet vil halda fram og etter planen skal eit forprosjekt vera ferdig ved årslutt 1987. Dei som er med i forprosjektet, får førsteretten til å verta deltakarar i det nye selskapet.

Rettleiing/Vitjing av oppdrettsanlegg:

Ei rekkje oppdrettarar vart vitja i 1986. Dei resterande vil få vitjing i 1987. Informasjon/rettleiing vert gitt i samband med informasjonsmøte/konferanser etc. Personar som har tilknytning til Bømlo, Fitjar (Brandasund) møter gjerne på kontoret medan andre vert vitja i heimekommunen eller ein møtest på Stord. Havbrukskonsulenten har og halde møte med kommuneadministrasjonane for å knyta kontakt.

Kurs/Informasjon:

Havbrukskonsulenten var med i ei arbeidsgruppe på 4 stk. som tilrettela/skipa til "Akvakulturkonferanse 1990" på Stord i oktober. I samband med forarbeid/arrangement vart det ein del reise-/møteverksemd. Målgruppa for konferansen var oppdrettarar, leverandørar av tenester og utstyr til næringa, institusjonar med tilbød retta mot næringa og politikarar og administrasjon i kommunane. Konferansen hadde fire hovudtema:

1. Nye Perspektiv frå forskinga.
2. Marknaden for oppdrettsfisk - nye utfordringar.
3. Akvakultur som satsingsområde.
4. Debatt.

Tilbakemeldinga frå deltakarane var svært posetiv både for innhaldet og gjennomføringa av konferansen.

Det er ei målsetjing å halda slike konferansar i Sunnhordland kvart andre år framover. Innhald og gjennomføring skal halde høg kvalitet. Målsetjinga er å vera mellom dei leiande i landet ved ei vidare utvikling i havbruksnæringa.


Nito heldt kurs om "Lokalisering av akvakulturanlegg" i Stavanger 9 - 11.juni som Havbrukskonsulenten deltok på. Emna som vart teken opp var m.a.: Den nye planloven, konsesjonsloven, lokaliseringspolitikk, miljømessige og juridiske forhold.

21.08 vart det halde messe "Aqua Teknikk 86" i Bergen. Frå regionen heldt Bømlo Construction og Aqua Consult stand. Havbrukskonsulenten deltok på messa og fekk innblikk i utstyr og tenester til næringa.

NFA heldt kurs i Bergen 06.07 - 10.07.86 om oppdrett av marin fisk. Torsk og kveite hadde fått størst plass, men piggvar, rødspette og steinbit var og teken med. Markedsutsiktene og prognosane for aktuelle artar vart drøfta.

08.10.86 var alle oppdretts-/havbrukskonsulentane i møte med Fiskeridepartementet og Fiskeridirektøren for å drøfta forvaltningsforhold/saksbehandling i etaten.

Niva heldt eit seminar i Kvinnherad den 27.nov. om "Akvakultur - miljø". Havbrukskonsulenten deltok og var foredragshaldar med emnet "Informasjonstrong i oppdrettsnæringa".



Et av landets moderne settefiskanlegg.

Tabell 1. STATISTIKK FOR FISKEOPPDRETT I SUNNHORDLAND 1986.

	BØMLO	FITJAR	STORD	KVINNHØRAD	ETNE	SVEIO	ØLEN	TOTALT
<u>MATFISKANLEGG:</u>	8	4	0	1	2	2	0	17
Tal smolt utsett	526.000	234.500	-	43.600	127.000	78.000	-	1.009.100
Kilo fisk teken opp	836.800	371.400	-	0	171.400	183.500	-	1.563.100
Verde " " "	33.264.000	13.890.000	-	0	4.885.000	5.700.000	-	57.739.000
Invistert i året	5.656.000	3.769.000	-	915.000	298.000	1.448.000	-	12.086.000
Fast tilsette menn	23	11	-	1	4	2	-	41
" " kv.	1	3	-	0	0	2	-	6
Deltid tils.menn	15	4	-	1	4	3	-	27
" " kvin.	13	2	-	0	0	2	-	17
<u>KLEKKERI/SETTE-</u>								
<u>FISKANLEGG:</u>	5	2	2	6	1	5	1	21
Liter rogn klekt	615	910	80	539	93	786	0	3.023
Levedyktig smolt prod.i året	650.000	1.006.300	120.000	1.800.000	50.000	1.667.000	0	5.293.000
Verde av prod.smolt	10.380.000	14.585.000	2.040.000	26.660.000	800.000	26.276.000	0	80.741.000
Investering i året	9.824.000	5.092.000	3.900.000	18.167.000	450.000	1.565.000	5.000.000	43.998.000
Fast tilsette menn	14	6	5	15	0	9	2	51
" " kvin.	0	2	0	0	0	2	1	5
Deltid " menn	1	2	1	6	1	4	2	17
" " kvin.	5	1	0	4	0	5	0	15
<u>SLAKTE/PAKKE-</u>								
<u>VERKSEMD:</u>	4	-	-	-	-	-	-	4
Mengde motteken for pakking/slakting i året.	1.484.000	-	-	-	-	-	-	1.484.000
Investering i året	3.400.000	-	-	-	-	-	-	3.400.000
Fast tilsette menn	3	-	-	-	-	-	-	3
" " kvin.	0	-	-	-	-	-	-	0
Deltidstils.menn	16	-	-	-	-	-	-	16
" " kvin.	30	-	-	-	-	-	-	30
<u>SAMLA VERKSEMD FOR MATFISK OG SETJEFISKANLEGG.</u>								

Utsett smolt

1.009.100 stk

Smolt produsert

5.293.000 "

Fisk teken opp

1.563.100 kg

Investeringar

43.998.000 kr.

Omsetnad

138.480.000 kr.

Tilsette menn

92

" kvinner

11

Deltidstils.menn

14

" kvinner

11

44 stk. = årsverk

32 " = "

SØKNADER 1986:

Laks, aure

KOMMUNE:	Stamfisk	Setjefisk	Flytt/Utv.	Reetabl.	Marine artar	Skaldyr	Totalt
Bømlo	4	1	2		9	3	17
Etne			1		1	1	3
Fitjar	1	1		1	14	3	20
Kvinnherad	3	3	1		3	1	11
Stord		2					2
Sveio	3	1			3	3	10
Ølen		1					1
Totalt	11	9	4	1	30	11	66

× 2 stk.for
marin yngel.